



Notat

Dato: 28.10.2014
Arkivsak: 2014/10180-4
Saksbehandlar: jortenn

Til:Fylkesutvalet

Frå:Fylkesrådmannen

Oversikt over tilsegn frå Handlingsprogrammet for næringsutvikling i Hordaland pr. 01.11.2014

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN) er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland, og gir føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket.

Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017, er det overordna styringsdokumentet for handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet for 2014 er utarbeidd med støtte frå ei ressursgruppe sett saman av representantar frå partnerskapen og Hordaland fylkeskommune. Regionalt næringsforum (RNF) har vore styringsgruppe og gitt tilråding til fylkesutvalet før endeleg godkjenning. Handlingsprogrammet vart vedteke i fylkesutvalet 20.februar 2014.

Prosjekt og tiltak som skal finansierast vil bli vurdert i lys av prioriteringane og føringane i handlingsprogrammet.

Prosjekta som er med i denne oversikten har fått tildelt midlar frå budsjettpost B i HNN, som gjeld *Tilrettelegging for næringsutvikling, inkludert øyremerkte midlar*. Dette er delvis søkbare midlar kor søknadane blir handsama administrativt. Rapporteringa er i samsvar med budsjettinndelinga under post B i HNN budsjettet:

B-1Hovedstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon

B-2 Hovedstrategi 2: Relevant kompetanse

B-3 Hovedstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter

B-4: Bransjeretta tiltak

B-5: Klimarettatiltak

B-6: Øyremerkte midlar til program

B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar

Denne oversikten med informasjon om prosjekt som får støtte frå budsjettpost B i HNH, blir gitt som orienterings sak og inneheld:

- Tabell med oversikt over alle tilsegn gitt sidan siste oversikt.
- Tabell med samla tal hittil i år fordelt i tråd med inndelinga over.
- Kommenterarar.
- Vedlegg med kort presentasjon av dei prosjekta som har fått tilsegn i siste periode.

Siste oversikt vart gitt til fylkesutvalsmøtet 28.08.2014 med ein oversikt fram til 30.06.2014.

Denne oversikten viser utviklinga frå 01.07.2014 til 01.11.2014.

Prosjekt handsama i perioden 01.juli til 01.november 2014:

Tilsegnsnr	Prosjektnamn	Tilskotsmottakar	Innsatsområde	Prosjekt-kostnad	Tilsegnsum
032-2014	Produktutvikling, marknads-føring og aktivitetar	Knarvikmila	B-2: Relevant kompetanse	1 125 000	300 000
081-2014	NCE Tourism – Fjord Norway (Hordaland - 2014)	NCE Tourism-Fjord Norway v/Fjord Norge AS	B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar	32 500 000	787 500
094-2014	Kartlegging av konkurransefortrinn for bioraffineri	Norsk Sjømatsenter	B-4: Bransjeretta tiltak	450 000	225 000
095-2014	Hordalands internasjonaliseringpris Villsauen 2014	Bergen Næringsråd	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	50 000	50 000
098-2014	Forprosjekt - North Nova	Startup Norway	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	1 065 750	200 000
099-2014	Driftstilskudd Maritimt Forum Bg.regionen 2014	Stiftelsen Maritimt Forum Bg.regionen	B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar	3 235 000	500 000
100-2014	Herlandsfoss aktivitets- og familiepark forprosjekt	BKK	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	410 000	114 000
102-2014	Nordhordland Næringshage program 2014	Nordhordland Næringshage AS	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	2 980 000	300 000
103-2014	Etablering av karrieresenter for Sunnhordland	Opplæringsavdelinga, HFK	B-2: Relevant kompetanse	1 650 000	300 000
104-2014	Barnas Matfestival	4H Hordaland	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	260 000	50 000
105-2014	Matfestivalen i Bergen 2014	Fylkesmannen i Hordaland	B-3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	2 695 000	150 000
106-2014	Felles næringsarealplan for kommunane i Region Vest	Regionrådet Vest-c/o Sund kommune	B-3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	1 670 000	300 000
107-2014	Entreprenørskapstiltak	Business Region Bergen AS	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	788 000	394 000

Tilsegnsnr	Prosjektnamn	Tilskotsmottakar	Innsatsområde	Prosjekt-kostnad	Tilsegnsum
111-2014	VRI 3 Hordaland-Samhandlingsprosjektet 2014	Hordaland fylkeskommune	B-6: Øyremerkte midlar til program	3 400 000	850 000
118-2014	Flettverk år 3	Osterfjord	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	5 850 000	500 000
119-2014	Hardangerkonferansen 2014	Hardangerrådet IKS	B-3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	223 000	100 000
120-2014	Tilskot næringshage - Næringshagen på Voss	Næringshagen på Voss	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	1 626 500	300 000
121-2014	Etablerarprogrammet i Nordhordland 2014	Nordhordland Utviklingsselskap IKS	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	260 000	113 800
122-2014	Entreprenørskapstiltak	Business Region Bergen	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	820 500	410 250
126-2014	CNSS – Improved dissemination and impact	Hordaland fylkeskommune, Næringsseksjonen	B-4: Bransjeretta tiltak	664 000	332 000
127-2014	Strategi og samarbeid om prosjektutvikling i TSIC	Fiskeriforum Vest	B-4: Bransjeretta tiltak	900 000	300 000

Totalt antal tilsegn fordelt på innsatsområde i år:

	Innsatsområde	Tal tilsegn	Prosjektkostnader	Støttebeløp
B-1:	Hovedstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon	18	29 508 750	3 952 988
B-2:	Hovedstrategi 2: Relevant kompetanse	8	26 344 520	1 801 500
B-3:	Hovedstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	11	19 613 867	4 723 054
B-4:	Bransjeretta tiltak	8	6 176 667	2 178 800
B-5:	Klimaretta tiltak	1	334 600	150 000
B-6:	Øyremerkte midlar til program	1	1 650 000	300 000
B-7:	Øyremerkte midlar til samarbeidsaktørar	7	64 564 272	3 797 500
C:	Regionale næringsfond	7		4 000 000
	Totalt:	61	148 192 676	20 903 842

Kommentar:

Det er i perioden gitt tilsegn til totalt 21 prosjekt og tiltak med en samla kostnadsramme på vel 62 mill kr. Vår finansieringsandel er vel 10 %.

For alle prosjekta hittil i år er vår finansieringsandel på vel 13 %. Som det går fram av opplysingane om dei einiskilde tiltaka, er det store variasjonar i fylkeskommunen sin finansieringsandel.

For nokre av prosjekta er vi inne med ein finansieringsandel på 30 % eller meir, medan for andre er vår andel svært låg og viser at sjølv med relativt lave finansieringsandelar er vi med å løyse ut til dels store prosjekt og tiltak.

For dei søkbare midlane, med unntak av Klimaretta tiltak(B-1 til B-4), har vi så langt i år delt ut knapt 80 % av ramma. Vi har fleire søknader inne til handsaming og reknar med at alle midlar vil bli tildelt før året er omme.

For B-5 «Klimaretta tiltak» er det sett i gang eit arbeid med ein separat utlysningrunde i samarbeid med Klima- og naturressursseksjonen. Søknadsfristen er 15. november. Avhengig av innkomne søknader vil også denne ramma bli tildelt.

Vedlegg: Prosjektinfo

PRODUKTUTVIKLING, MARKNADSFØRING OG AKTIVITET KNARVIKMILA Tilsegn 032-2014

Prosjektet skal profesjonalisere og løfte KnarvikMila som arrangement både for den nasjonale og internasjonale marknaden.

Totale prosjektkostnader: kr 1 125 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Eige arbeid (500t * 450):	kr 225 000
Eigne midler:	kr 250 000
Eigne sponsorar:	kr 200 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 300 000
sponsor/konsulenthjelp:	kr 100 000
sponsorar layout arbeid:	kr 50 000

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Knarvikmila

Prosjektleiar:

Helge Brekke, helge@knarvikmila.no

Sakshandsamar:

Marta Rongved Dixon,
tlf. 55239316, epost: marta.dixon@hfk.no

Samandrag:

KnarvikMila har i over 30 år vore eit arrangement av stor betydning i Nordhordland. Gjennom prosjektet skal arrangementet no løftast til eit meir profesjonelt nivå og framstå som eit meir attraktivt idrettsarrangement for løparar frå inn- og utland, samstundes som regionen dreg nytte av den auka omsetningen dei tilreisande løparane og deira støtteapparat står for.

Tilsegnsdato: 14.04.2014

NCE Tourism - Fjord Norway (Hordaland - 2014) Tilsegn 081-2014

NCE Tourism har passert sin første evaluering og er klarert for vidareføring i neste prosjektperiode på tre år. Prosjektet skal løfte kompetanse og produktutvikling for reiselivsbedriftene i Fjord Norge regionen.

Totale prosjektkostnader: kr 32 500 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Deltakerbedrifter: egeninnsats:	kr 10 100 000
Deltakerbedrifter: kontanttilskudd:	kr 5 300 000
FoU/Utdanning: egeninnsats:	kr 2 700 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 787 500
NCE programmet:	kr 11 250 000
Øvrige offentlige:	kr 2 362 500

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

NCE Tourism - Fjord Norway v/Fjord Norge AS

Prosjektleder:

Randi Bårtvedt, randi@ncetourism.com

Sakshandsamar:

Marta Rongved Dixon,
tlf. 55239316, epost: marta.dixon@hfk.no

Samandrag:

En sterk ambisjon er at reiselivsklyngen på Vestlandet, NCET, skritt for skritt skal klatre mot et næringsledet og forskningsorientert kunnskapsnav.

NCET skal derfor styrkes som et innovasjonsnettverk som systematisk utforsker og fasiliterer potensialet for foredling av landsdelens unike råvarer. Dette i form av natur- og nye opplevelsesprodukter, tett koblet mot en dypere forståelse for globaliserte kunde- og interessefelleskap og det kommersielle potensialet disse representerer.

NCET skal styrke sin rolle som et fasiliterings- og kompetansesenter innen områder som konsept- og produktutvikling, tjenesteinnovasjon, pakketering, sikkerhet, kvalitetsutvikling, reiselivsjuss, markeds kunnskap, distribusjonsledd og teknologier.

Tilsegnsdato 18.06.2014

Kartlegging av konkuransefortrinn for bioraffineri Tilsegn 094-2014

Det er trong for alternative råvarer til fiskeolje med omega-3 for vidare vekst og utvikling av den norske lakse- og ørretproduksjonen. Mikroalgeproduksjon vil være ein ny og avansert bioprosesseringsteknologi for produksjon av ingrediensar til bruk i fiskefôr. Denne teknologien vil bidra til å gjere oppdrettsnæringa meir uavhengig av fiskeolje, og ikkje minst bidra til ein betydeleg forbetring av bærekrafta til den norske oppdrettsnæringa.

Totale prosjektkostnader: kr 450 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Egenandel Akvator:	kr 40 000
Egenandel Fiskeriforum Vest:	kr 80 000
Egenandel Produus Aqua:	kr 105 000
HNH:	kr 225 000

Prosjektstart: 01.03.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Norsk Sjømatsenter

Prosjektleder:

Grethe Adoff, grethe@sjomat.no

Sakshandsamar:

Inge Døskeland,
tlf. +47-55239315, epost: inge.doskeland@hfk.no

Samandrag:

Prosjektet skal bidra til å utvikle heterotrof mikroalgeproduksjon (ved gjæring av sukker, ikkje fotosyntese). Prosessane er dels energikrevjande og det vil verte gjort undersøkingar med tanke på å kunne nytte spillvarmeressursar frå dei store industrianlegga i fylket.

Tilsegnsdato: 23.06.2014

Hordalands internasjoniseringspris Villsauen 2014 Tilsegn 095-2014

Hordalands internasjoniseringspris – Villsauen – vert i 2014 delt ut for 12. gong. Prisen er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen Næringsråd

Totale prosjektkostnader: kr 50 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 50 000
----------------------------------------------------	-----------

Prosjektstart: 07.04.2014.

Prosjektslutt: 14.11.2014.

Prosjekteigar:

Bergen Næringsråd

Prosjektleiar:

Solveig Holm, solveig.holm@bergen-chamber.no

Sakshandsamar:

Torill Monstad,
tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

Det er stor internasjonal aktivitet i næringslivet i regionen. Gjennom prisen ynskjer initiativtakarane å synleggjere dette, og løfte fram ein aktør som har vist positiv utvikling internasjonalt. Villsauen vert delt ut til ei verksemd i Hordaland som gjennom aktivt, profesjonelt og målretta arbeid har etablert seg internasjonalt og/eller bidrege til å promotere næringslivet i Hordaland internasjonalt

Tilsegnsdato: 27.06.2014

Forprosjekt - North Nova Tilsegn 098-2014

Startup Norway jobbar målretta for å byggje bru mot andre leiande startup økosystem rundt om i verda, og sette Norge på kartet som eit land som satsar på næringsutvikling og oppbygging av eit velfungerande startup økosystem.

Totale prosjektkostnader: kr 1 065 750

Finansieringsplan for prosjektet:

Deltagere:	kr 175 000
Innovasjon Norge:	kr 200 000
RUP:	kr 200 000
Sponsorer:	kr 60 000
Startup Norway:	kr 430 750

Prosjektstart: 01.04.2014.

Prosjektlutt: 01.11.2014.

Prosjekteigar:

Startup Norway

Prosjektleiar:

Stina Liland Nysæther, stina@startupnorway.com

Sakshandsamar:

Torill Monstad,
tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

For at norske verksemdar skal lykkast med internasjonal satsing er eit sterkt nettverk og synligheit ein grunnleggjande faktor. Norge har ingen arena per i dag som synleggjer det norske oppstarts-miljøet i ein internasjonal setting. Startup Norway ynskjer å køyre ein pilot på ein internasjonal konferanse på Voss, der ein koplur nettverkingsaktivitetar i spektakulær natur med tradisjonell konferanse for oppstartsverksemd.

Tilsegnsdato: 27.06.2014

Drifttilskudd Maritimt Forum Bergensregionen 2014 Tilsegn 099-2014

Maritimt Forum Bergensregionen skal styrke og fremme maritim næring for å sikra ei sterk klynge og varig, maritim verdiskaping i Hordaland

Totale prosjektkostnader: kr 3 235 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Drifttilskudd Bergen kommune:	kr 234 500
Midler andre:	kr 2 500 500
Handlingsprogram for Hordaland:	kr 500 000

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Stiftelsen Maritimt Forum Bergensregionen

Prosjektleder:

Susanne Rislå Andersen, susanne.andersen@maritimt-forum.no

Sakshandsamar:

Eva Brækkan,
epost: evabrek@hfk.no

Samandrag:

Det maritime er Hordaland si største kompetansenæring, og er ei sentral næring for fylket. Det maritime er utpekt av Hordaland fylkeskommune som ei av dei prioriterte næringane det skal satsast strategisk på. Maritimt Forum Bergensregionen (MFB) har eit unikt innblikk i næringa sine utfordringar og mulegheiter, og fungerer som eit bindeledd mellom næring, academia og styresmakter.

Som den einaste maritime klyngeorganisasjonen ynskjer MFB å vere reiskap for Hordaland Fylkeskommune knytta til bransjen si utvikling. Med nesten 21.000 ansatte i næringa, 80 milliarder i omsetning og 27 milliarder i verdiskaping gir det maritime store og verdifulle ringverknader for Hordaland, og det er viktig å sikre fortsatt maritim drift frå regionen.

Tilsegnsdato: 30.06.2014

Herlandsfoss aktivitets- og familiepark forprosjek Tilsegn 100-2014

Forprosjekt for å finne samarbeidspartnarar og overkomme hindringar til samarbeid fram mot eit mogeleg hovudprosjekt. Herlandsfossen gamle kraftverk er eigd av BKK og eit verna bygg som i dag står tomt. Planane for prosjektet er å vurdere mogelegheiter for å utvikla bygget og området til eit reiselivsprodukt.

Totale prosjektkostnader: kr 410 000

Finansieringsplan for prosjektet:

BKK:	kr 191 000
Eigeninnsats (timar):	kr 30 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 114 000

Prosjektstart: 01.06.2014.

Prosjektlutt: 01.07.2014.

Prosjekteigar:

BKK

Prosjektleiar:

Kjell-Harald Lunde, Kjell-Harald.Lunde@bkk.no

Sakshandsamar:

Marta Rongved Dixon,
tlf. 55239316, epost: marta.dixon@hfk.no

Samandrag:

Visjonen for Hordaland er å være best i Norden innan natur og kulturbaserte opplevingar. Herlandsfoss aktivitets- og familiepark vil med sitt mangfall være den einaste attraksjonen i sitt slag i Hordaland. Osterøy manglar ein fyrårnatraksjon. Herlandsfoss aktivitets- og familiepark kan verte ein slik attraksjon. Vi ynskjer at dette skal være ein dynamo for utvikling og styrking av reiselivet i heile Osterøy. Herlandsfoss aktivitets- og familiepark vil gi inngang til temabasert oppleving (kunst og kultur, utnytting av vasskraft, presentasjon av industri og handverk på Osterøy, historie: Herlandsfossen, Havråtunet, Ole Bull-huset, Hamre kyrkje, Osterøy Museum, mm.).

Tilsegnsdato: 14.07.2014

Nordhordland Næringshage program 2014 Tilsegn 102-2014

Nordhordland Næringshage AS er no inne i sitt 3.år utviklingsår etter opptak i næringshage programmet i 2012.

Totale prosjektkostnader: kr 2 980 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 300 000
Næringslivet:	kr 1 480 000
Prosjekter:	kr 600 000
SIVA:	kr 600 000

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Nordhordland Næringshage AS

Prosjektleder:

Nordhordland Næringshage AS, solveig@nh-nh.no

Sakshandsamar:

Torill Monstad,
tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

Nordhordland Næringshage har eit stort nettverk med målbedrifter dei fleste kommunane i regionane, me har ei samlokalisert kontormiljø i Austrheim kommune og eit kontor i Solund kommune. Gjennom avtalar med 16 målbedrifter og 20 medlemsbedrifter bidreg selskapet med utvikling og vekst i desse verksemdene.

Næringshagen er aktiv og prosjektansvarleg for Havsportveka, assosiert Liv og Lyst prosjekt "Verdas lengste Sjømatbord" i Lindås samt andre regionale prosjekt som " Treffpunkt Nordhordland og Etablererkurs.

Tilsegnsdato: 14.10.2014

Etablering av karrieresenter for Sunnhordland Tilsegn 103-2014

Det skal etablerast eit karrieresenter for Sunnhordland med tilbod om karriererettleiing for alle vaksne over 19 år. Det vert gjev støtte til eit eittårig pilotprosjekt.

Totale prosjektkostnader: kr 1 650 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Fylkeskommunale midlar opplæring:	kr 50 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 300 000
Statlege stimuleringsmidlar:	kr 1 300 000

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektlutt: 31.12.2015.

Prosjekteigar:

Opplæringsavdelinga Hordaland fylkeskommune

Prosjektleiar:

Tore Muren, tore.muren@hfk.no

Sakshandsamar:

Berit Vetlejord,
tlf. 55239995, epost: berit.vetlejord@hfk.no

Samandrag:

Bakgrunn for etableringa er ønske fra sentrale og fylkeskommunale politiske styresmakter om å styrke tilbodet om karrierettleiing. Hordaland fylkeskommune ser det som ynskjeleg å prøve ut dette tilbodet også som regionalpolitisk verkemiddel og for å styrke rekrutteringa av relevant kompetanse i regionen.

Tilsegnsdato: 09.07.14

Barnas Matfestival Tilsegn 104-2014

4H i Hordaland og Sogn og Fjordane skal arrangere Barnas matfestival i september 2014

Totale prosjektkostnader: kr 260 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Egeninnsats:	kr 22 000
Fylkeskommune i Sogn og Fjordane:	kr 30 000
Fylkesmannen i Hordaland:	kr 80 000
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:	kr 8 000
Gjensidigestiftelsen:	kr 50 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 50 000
Sponsorer – Lerøy, Sparebanken Vest, beredt AS etc:	kr 20 000

Prosjektstart: 01.05.2014.

Prosjektlutt: 01.12.2014.

Prosjekteigar:

4H Hordaland

Prosjektleder:

Susanne Aas, fmhosaa@fylkesmannen.no

Sakshandsamar:

Berit Vetlejord,
tlf. 55239995, epost: berit.vetlejord@hfk.no

Samandrag:

I 2014 og 2015 har 4H i heile Norge «Fra jord til bord» som satsningsområde. Målet er å auke kunnskapen, og engasjementet rundt norsk mat og matproduksjon. Eit ledd i satsinga er eit 4H Matskole-prosjekt. 4H Matskoler er eit tilbod til barn mellom 8 og 12 år, der barna lærer å lage mat, blir engasjert i fysisk aktivitet, i tillegg til at dei via gårds- eller driftsbesøk ser nærare på matens veg frå jord til bord. Som vidare del av satsingen vert det arrangert Barnas Matfestival. 4H Sogn og Fjordane og 4H Hordaland skal saman arrangere to Barnas Matfestivalar, ein i tett samarbeid med arrangørane av Bergen Matfestival og ein i forbindelse med Matamål i Sandane.

Tilsegnsdato: 10.07.2014

Matfestivalen i Bergen 2014

Tilsegn 105-2014

Det er gjeve tilskot til arrangementet Bergen Matfestival 2014

Totale prosjektkostnader: kr 2 695 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Anna finansiering:	kr 100 000
Annonse inntekter:	kr 40 000
Bergen Kommune:	kr 175 000
BU midlar Hordaland:	kr 150 000
BU midlar Sogn Og Fjordane:	kr 150 000
Deltakeravgift:	kr 760 000
Eigen andel Fylkesmannen i Hordaland:	kr 300 000
Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane:	kr 70 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 150 000
Innovasjon Norge:	kr 200 000
Innovasjon Norge:	kr 600 000

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektslutt: 30.11.2014.

Prosjekteigar:

Fylkesmannen i Hordaland

Prosjektleder:

Gunnar Nagell Dahl, fmhognd@fylkesmannen.no

Sakshandsamar:

Berit Vetlejord,
tlf. 55239995, epost: berit.vetlejord@hfk.no

Samandrag:

Matfestivalen i Bergen er eit samarbeid mellom Hordaland Fylkeskommune, Innovasjon Norge, Bergen kommune og Fylkesmannen i Hordaland. Føremålet er auka merksemd kring lokalmatproduksjon på Vestlandet.

Tilsegnsdato: 09.07.2014

Felles næringsarealplan for kommunane i Region Vest Tilsegn 106-2014

Hordaland fylkeskommune har gitt tilsagn om inntil 300.000 kroner i tilskot til Askøy, Fjell, Sund og Øygarden sitt samarbeid om ein felles kommunedelplan for næringsareal.

Totale prosjektkostnader: kr 1 670 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Innsats BRB:	kr 100 000
Innsats næringliv:	kr 170 000
Kommunal innsats:	kr 800 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 300 000
Skjønsmidler fylkesmann:	kr 300 000

Prosjektstart: 02.06.2014.

Prosjektlutt: 15.02.2016.

Prosjekteigar:

Regionrådet Vest - c/o Sund kommune

Prosjektleiar:

Gerhard Inge Storebø, gerhard.i.storeboe@sund.kommune.no

Sakshandsamar:

Hans Inge Gloppen,
epost: hans.inge.gloppen@hfk.no

Samandrag:

Regional Næringsplan for Hordaland (2013-2017) legg føringar for at samarbeid på tvers av kommunegrensene er viktig. Dette er eit planarbeid som dei fire kommunane vil gjennomføra for å få eit samla regionalt perspektiv på næringsarealutviklinga i lag med næringslivet i Region Vest. Ressursbruken knytt til denne oppgåva kjem i tillegg til det som vert brukt på ordinært kommuneplanarbeid. Målet er å få eit bindande plandokument som alle dei 4 kommunane kan slutta seg til - eit plandokument som viser hovudtrekka i vidare tilrettelegging for næringsutvikling i regionen.

Tilsegnsdato: 14.07.2014

Entreprenørskapstiltak Tilsegn 107-2014

Frå 2013 har Etablerersenteret organisert si kursverksemd i kompetanseprogramm for bedriftsetablering og utvikling. Programmet inneheld dei tre tradisjonelle kursa som varierer i lengde og omfang, men kursa er justert slik at dei passer i saman.

Totale prosjektkostnader: kr 788 000

Finansieringsplan for prosjektet:

BRB:	kr 190 000
Deltakeravgift:	kr 194 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 394 000

Prosjektstart: 01.01.2013.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Business Region Bergen AS

Prosjektleder:

Gry Sæterdal

Sakshandsamar:

Torill Monstad,
tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

Førmålet med etablererkursa er å førebu entreprenøren til oppstart av eiga bedrift, blant anna ved å gi ein grunnleggjande forståelse av kva planar som må utarbeidast, og dei formelle rammevilkåra for verksemd.

Modulkursa er tilpassa slik at dei kan takast kvar for seg som ei påbygging av etablererkurset, eller som påfyll for alt etablerte verksemd. Etablerersenteret utviklar tilbudet med modulkursa i takt med etterspørsel i marknaden. TREFFPUNKT gir fagleg påfyll for etablerarar og bedrifter. Treffpunkt er ein stad for nettverk mellom nyetablerte og bedrifter.

Tilsegnsdato: 18.07.2014

VRI 3 Hordaland - Samhandlingsprosjektet 2014

Tilsegn 111-2014

VRI Hordaland skal medverke til høgare grad av eigenutført FoU i bedrifter og slik styrke innovasjonsevne og konkurransekraft. VRI er inne i sin tredje prosjektperiode som strekkjer seg frå 2014-2016. Prosjektet eit samarbeid mellom Noregs Forskingsråd, Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge og FoU-miljøa. Dette gjeld for samhandlingsprosjekt i 2014.

Totale prosjektkostnader: kr 3 400 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Eigenutført arbeid i bedrifter:	kr 850 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 850 000
Noregs Forskingsråd:	kr 1 700 000

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Hordaland fylkeskommune

Prosjektleder:

Jostein Farestveit, Næringsseksjonen; Hordaland fylkeskommune

Sakshandsamar:

Siri Hanson,
tlf. 55239286, epost: siri.hanson@hfk.no

Samandrag:

VRI Hordaland skal medverke til å realisere måla i Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 og skal konkret bidra til vekst og innovasjon gjennom tettare samhandling mellom bedrifter og FoU-miljø, og slik medverke til å auke næringslivet sin eigenutførte del av totale utgifter til forskning i Hordaland frå 25% til opp mot 30% innan 2017.

Hovudaktivitetane i VRI er Kompetansemekling og dialogkonferansar. Kompetansemekling skal ved hjelp av innkjøpte tenester frå FoU-miljøa HIB, UiB; Stiftinga Polytec og UniResearch mobilisere til meir eigen forskning i bedriftene og er retta mot relevante forskningsmidlar. Målet er å gjennomføre 2-3 dialogkonferansar i året med aktuelle tema.

Tilsegnsdato: 20.08.2014

Flettverk år 3 Tilsegn 118-2014

Prosjektet Flettverk går no inn i sitt tredje år, og er vorte ein viktig og kjend aktør i norsk tekstilbransje. Flettverkprosessane har ført til nye innovative produkt som tek opp i seg både historiske handverkstradisjonar og moderne design

Totale prosjektkostnader: kr 5 850 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Anna finansiering:	kr 110 000
Deltakaravg. og andre inntekter:	kr 190 000
Eigeninnsats:	kr 3 770 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 500 000
Nasjonale/intern. samarbeid:	kr 730 000
Regionalt næringsfond Osterfjord:	kr 350 000
RFFV- FoU-samarbeid HIB:	kr 200 000

Prosjektstart: 01.07.2014.

Prosjektslutt: 01.07.2015.

Prosjekteigar:

Osterfjord Nærings samarbeid

Prosjektleder:

Tone Boska, tone.boska@hotmail.com

Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,
tlf. 55239347, epost: Jostein.Farestveit@hfk.no

Samandrag:

Bakgrunnen for prosjektet er å auka samhandlinga mellom FoU-miljø og tekstile verksemdar, auka samarbeid mellom verksemdene, auka samarbeid mellom internasjonale designarar og bransjen, styrka rekruttering til bransjen og utvikling av nye produkt og nye marknader.

Handlingsprogram for næringsutvikling rettar merksemda mot sterke nettverk for å fremje innovasjon i bedrifter. Flettverk jobbar i skjæringspunktet mellom FoU-miljøa og næringslivet, i tillegg til å nytte opne innovasjonsprosessar i samhandlingsprosessane sine.

Tilsegnsdato: 01.09.2014

Hardangerkonferansen 2014

Tilsegn 119-2014

Hardangerkonferansen 2014 finn stad 12-13.november i Ulvik og skal ha fokus på: NÆRINGSUTVIKLING i HARDANGER – RAMMEVILKÅR OG FRAMTID. Konferansen 2014 er ei oppfølging frå føregåande år med fokus på framtida for Hardanger

Totale prosjektkostnader: kr 223 000

Finansieringsplan for prosjektet:

BKK:	kr 25 000
Hardanger Næringsråd:	kr 10 000
Hardangerrådet iks:	kr 20 000
Hordaland Bondelag:	kr 3 000
Hordaland fylkeskommune:	kr 100 000
Reisemål Hardanger Fjord:	kr 5 000
SpV:	kr 50 000
Ulvik herad, vertskap:	kr 10 000

Prosjektstart: 10.02.2014.

Prosjektslutt: 10.12.2014.

Prosjekteigar:

Hardangerrådet iks

Prosjektleder:

Leiv Vambhiem, post@hardangerraadet.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,
tlf.55239523, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Hardangerkonferansen er ein årleg konferanse, som viser framtidspotensiale og gjer inspirasjon til felles innsats for Hardangerregionen. Konferansen ynskjer å skapa forståing for samhandling blant alle i Hardanger: Næringsliv, Politikarar, Byråkrati, Organisasjonsliv og innbyggjarar generelt. Konferansen har fokus på næringslivet, samferdsel og framtidige arbeidsplassar.

Tilsegnsdato: 03.10.2014

Tilskot næringshage - Næringshagen på Voss Tilsegn 120-2014

Innovasjon, næringsutvikling og vekst i regionen - i samsvar med SIVA sitt næringshageprogram

Totale prosjektkostnader: kr 1 626 500

Finansieringsplan for prosjektet:

Andre inntekter:	kr 126 500
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 300 000
Meldemskontingent:	kr 600 000
SIVA tilskot:	kr 600 000

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Næringshagen på Voss

Prosjektleder:

Frode Rokne, frode.rokne@nhvoss.no

Sakshandsamar:

Torill Monstad,
tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

Aktivitetar i samsvar med SIVA sitt næringshageprogram her under:

- * Grønderrådgjeving
- * Utviklingssamtale målbedrifter
- * Kompetanseheving
- * Møteplass
- * Rådgjeving målbedrifter
- * Marknadsføring målbedrifter
- * Samlokalisering

Tilsegnsdato: 30.09.2014

Etablerarprogrammet i Nordhordland 2014 Tilsegn 121-2014

Programmet har vore gjennomført dei siste 13 åra og har gjennom heile denne tida vore under evaluering og vorte tilført ny kunnskap og forbetring av kurs og metodar.

Totale prosjektkostnader: kr 260 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 113 800
Næringsfondet i Nordhordland:	kr 119 800
Påmeldingsavgift:	kr 26 400

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Prosjektleder:

Kari Evensen Natland, kari@nordhordland.net

Sakshandsamar:

Torill Monstad,
tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

Hordaland Fylkeskommune har vore medfinansiarar til Etableraropplæringa i fylket og har og lagt ein del premissar om korleis ein ønskjer at denne skal leggjast opp. I Nordhordland har kommunane samla seg om at det er Nordhordland Utviklingsselskap som tek seg av etableraropplæringa for kommunane. Dette har vi gjort dei siste 13 åra.

Tilsegnsdato: 30.09.2014

Entreprenørskapstiltak Tilsegn 122-2014

Formålet med etablererkursa er å forberede entreprenøren til oppstart av eiga bedrift, blant anna ved å gi ei grunnleggjande forståelse av kva planar som må utarbeidast og dei formelle rammevilkår for verksemder

Totale prosjektkostnader: kr 820 500

Finansieringsplan for prosjektet:

BRB:	kr 146 250
Deltakeravgift:	kr 264 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland	kr 410 250

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektlutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Business Region Bergen AS

Prosjektleiar:

Gry Sæterdal, gry@brb.no

Sakshandsamar:

Torill Monstad,
tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

Etablerersenteret har organisert si kursverksemd i kompetanseprogram for bedriftsetablering og utvikling. Programmet inneheld dei tre tradisjonelle kursa som varierer i lengde og omfang, men kursa er justert slik at dei passar saman. Dei enkelte kursa byggjer på kvarandre og tar opp tema som selskapsformer, forretningsplan, idé, markedsføring og økonomi.

Tema / modulkursene er tilpasset slik at de kan tas hver for seg eller tas som et kompetanseprogram. TREFFPUNKT gir faglig påfyll for etablerere/gründere og bedrifter og er et sted for nettverksbygging.

Tilsegnsdato: 30.09.2014

CNSS - Improved dissemination and impact

Tilsegn 126-2014

Internasjonalt samarbeid om meir miljøvennleg skipsfart

Totale prosjektkostnader: kr 664 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Eu midlar (50%):	kr 332 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 332 000

Prosjektstart: 01.09.2014.

Prosjektslutt: 30.09.2015.

Prosjekteigar:

Hordaland fylkeskommune, Næringsseksjonen

Prosjektleder:

Lars Tveit, Lars.Tveit@hfk.no

Sakshandsamar:

Inge Døskeland,
tlf. +47-55239315, epost: inge.doskeland@hfk.no

Samandrag:

Prosjektet skal medverke til Hordaland som føregangsfylke innan "Clean - shipping" gjennom målretta miljøtiltak. Prosjektet er ei vidareføring av Clean North Sea Shipping - prosjektet, inkludert implementering av internettbaserte, miljøfokuserede verktøy og modellar.

Tilsegnsdato: 15.10 2014

Strategi og samarbeid om prosjektutvikling i «The Seafood Innovation Cluster -TSIC».

Tilsegn-127-2014

Dei store havbruksverksemdene har saman med kunnskapsmiljøa i Bergen etablert **The Seafood Innovation Cluster - for future global seafood supply**. Fiskeriforum Vest er prosjektleiar for klyngeinitiativet og skal koordinere arbeidet med nye prosjektinitiativ og GCE-søknad.

Totale prosjektkostnader: kr 900 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Egeninnsats (næring+samarbeidspartnere):	kr 300 000
Finansiering, næring:	kr 300 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 300 000

Prosjektstart: 01.09.2014.

Prosjektslutt: 01.06.2016.

Prosjekteigar:

Fiskeriforum Vest

Prosjektleder:

Tanja Hoel, tanja@sjomat.no

Sakshandsamar:

Siri Hanson,
tlf. 55239286, epost: siri.hanson@hfk.no

Samandrag:

Den marine klynga på Vestlandet er verdenseleiane, og er samman med maritim og offshore Norges mest komplette klynger. Marine Harvest, Lerøy Seafood Group, EWOS Group, Grieg Seafood, Salmon Group, Universitetet i Bergen, Havforskningsinstituttet og Norges Handelshøyskole har etablert ei strategisk plattform for formalisering av ei nasjonal og global marin næringsklynge i Bergen, **The Seafood Innovation Cluster - for future global seafood supply**. Fiskeriforum Vest er prosjektleiar for klyngeinitiativet. NIFES og NOFIMA er invitert som partnarar i klynga.. The Seafood Innovation Cluster har bestemt seg for å sende inn søknad til Global Centres of Expertice (GCE) programmet i 2015. Midlar frå fylkeskommunen er til forankring i klynga og koordinering av prosjektinitiativ.

Tilsegnsdato: 15.10.2014